



Dagleg leiar Karoline Neset er svært fornøgd med sesongstarten

**Systemene Nilsen hadde ein knallstart på sommarsesongen torsdag kveld, med den første skalldyrraften som også var den store slageren i fjor. 110 var innom og nøt havets delikatessar og fleire var det ikkje plass til inne.**

**Gjestane kom utan marknadsføring og var frå alle delar av kommunen, ikkje minst frå Husnes der tilbodet er begrensa. Fleire verksemdar hadde sommaravslutning i Uskedalen. Torsdagane er reservert skalldyr gjennom heile sesongen. Dagleg leiar Karoline Neset gjev oss dette oversynet:**



Etter skalldyrserveringa er det godt å koma ut i sommarlufta. På dette biletet frå balkongen er det eit stort innslag av husnesingar.

\* Systrene Nilsen har ope frå og med torsdag og til og med søndag fram til midten av august då det er sesongslutt.

Frå 1. juli blir skjenketida innskrenka med ein halv time (til 0130) på grunn av vedtaket i kommunestyret

\* Torsdagar er det ope frå 1900. Fredagar og laurdagar er opningstida 1400-0200 medan det på søndagar er ope frå 1400 til 2200.

\* Dei to siste helgene i juli blir det levande musikk.

\* Nokre fredagar blir det quiz med 5. juli som den første.

\* Matsserveringa blir omtrent som i fjor, men tre søndagar vil ein kunne få kjøttkaker, kumle og betasuppe - med start neste søndag.

Ellers finn ein alle opningsdagane til dømes hamburgar, lasagne og nachos på menyen. Isrosa i Herøysund sørgar for is og Hjørnevåg er lokal leverandør nummer to.

Ikkje minst gledeleg er det at ymse firma har oppdaga Uskedalens vertshus. Såleis var KVV der tidlegare denne veka og i dag kjem turen til Spirit frå Stord.

- Vi har hatt ein utruleg bra opning og vonar at det held fram slik, seier Karoline.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

\*